

Årsmelding for Grunge sokneråd 2018

Oversyn over råd og utval i 2018

Soknerådet har vore samansett slik:

Ingebjørg N. Bråstøyl	leiar 1 år og kasserar
Gerd D. Svalastog	nestleiar og kulturkontakt
Tone Edland	skrivar
Tore Olav Svalastog	soknerådet sin repr. I Fellesrådet
Mari Øien	fast medlem
Sverre Romtveit	fast medlem
Solfrid Nesheim	1. vara
Borgny Romtveit	vara
Tjøstolv Kvålen	vara
Josef Kili	vara
Gunn Sigrid M. Ekre	vara

Det har vore 5 soknerådsmøter dette året, og det er handsama 24 saker.

Grunge sokn har desse 2 hovudutvala;

Diakoniutvalet

Aasne Tone Dj. Edland	leiar
Randi Flothyl	nestleiar
Kari Bjåen	skrivar
Gudmund Tveito	kasserar
Josef Kili	fast medlem
Reidun Yndesdal	fast medlem

Bibbi Christenson	vara
Jorunn Hagen	vara

Trusopplæringsutvalet:

Tone Edland	soknerådet sin repr. og leiar
Lisbeth Christenson	skrivar
Kjell Nordgarden	medlem
Aasne Tone Dj. Edland	medlem
Mildrid T. Straumstøyl	møtande vara

Desse utvala legg fram eigne årsmeldingar, og me takka for innsatsen dei har gjort i 2018

Kort oversikt over aktivitetar i soknet i 2018 i regi av soknerådet, utval, prestar og friviljuge:

Det var i alt 20 messer i 2018. Det var 1 messe på Karten i påska. Det vart dela ut ei bokhelsing frå soknet til 1,2 og 3-åringar på familiemessa på vår-halvåret, og det var ei familiemesse på hausten, i tillegg til Ljosmessa i desember. På Ljosmessa fekk 8 og 11-åringar ei bokhelsing.

Også år vart det arrangera konsertar i Grunge, i regi av kulturkontakten vår, ein i mai og ein i oktober. I samband med konserten i haust vart det ei Gospelmesse med fullt hus og «stormande jubel»! Her var alle konfirmantane i kommunen invitera, og i tillegg til det eit dåpsfylgje med langvegsfarande gjester som fekk ei oppleving for livet.

Fasteaksjonen gjekk som vanleg, og konfirmantane gjorde ein fin innsats også i år.

Dugnaden på kyrkegarden var omtrent til vanleg tid, (trass i mykje sno i vinter) og mange møtte opp til ein usedvanleg varm og fin ettermiddag / kveldsøkt – med vaffeleting ute!

- 6 ungar blei døypt i Grunge kyrkje i 2018
- 12 ungdomar vart konfirmera her 20.mai

- 5 par blei vigde her i 2018
- 4 blei gravlagde i året som var

Innsats frå friviljuge medarbeiderar i soknet:

- Tekstleserane har gjort ein trufast jobb ved gudstenestene i år og!
- Kari Bjåen og Oscar J. Garnes som er med i redaksjone for Kyrkjelydsbladet.
- Aasne Tone Dj. Edland og Frode Langen, som leierar i Ulvungane. Møta fylgjer skuleåret, og dei møter kvar 14.' dag.
- Kari Bjåen, Elin Groven Nesheim m.fl, som leierar for TRIA-jentene. Møtene fylgjer skuleåret, og dei møter kvar 14.' dag.
- Astrid Hermansen og Ingrid R. Nordgarden, som leierar / vaksenkontaktar for Skulelaget. Lagsmøta fylgjer skuleåret, og dei møter 1-2 gonger i månaden.

I tillegg til alle desse har me ein Orgelkomite, sett saman av Gerd D. Svalastog, Mildrid T. Straumstøyl, Oscar J. Garnes, Sondre Bratland og Robetas Lamsodis. Dei har i fleire år jobba for å få eit nytt orgel til Grunge kyrkje. No rår dei soknet til å gå for eit digitalt orgel, og ein vil fortsetje arbeidet med å få på plass finansieringa. I fleire år har ein no arrangera konsertar her i kyrkja (vår og haust) og ein får tilbakemeldingar på at akustikken er svært god her. Eit nytt orgel vil sjølv sagt vera viktig for kyrkjelyden, men også med tanke på kyrkja som eit kulturhus – faktisk det eldste kulturhuset me har! Eit nytt orgel er og viktig i den samanheng.